



FJELL KOMMUNE

Ågotnes skule TLF 5509 7800
Hamramyra 10 5363 ÅGOTNES
E-post: agotnes.adm@fjell.kommune.no

www.agotnesskule.no



Ågotnes skule inviterer til –

ORIENTERINGSMØTE FOR FORELDRE TIL ELEVAR I 1. KLASSE PÅ ÅGOTNES SKULE 2019-2020

ONSDAG 27. MARS 2019 KL. 18.00-19.00 PÅ KLASSEROM 5

Kjære føresette!

Ved Ågotnes skule får vi 50 nye førsteklasingar til hausten.

Ifølgje adresselistene er De foreldre/føresette til ein elev som skal byrje hjå oss. No inviterer vi til eit kort orienteringsmøte på skulen onsdag 27. mars for å informere litt rundt følgjande punkt:

- *Lover og føresegner for grunnskulen*
- *Val av målform - nynorsk eller bokmål - Ågotnes er ein nynorsk-krins*
- *Førskuledagen for dei nye førsteklasingane fredag 7. juni kl. 12.30-14.00*
- *Skuleskyssordninga for elevar som bur meir enn 2 km frå skulen*
- *SFO-tilbodet*
- *Leksehjelp-, skulemjølk- og skulefruktordninga på Ågotnes skule*
- *Anna*

Rektor, avdelingsleiar og SFO-leiar deltek på møtet, og det vert høve til å stille spørsmål om ting ein måtte lure på.

VIKTIG! På førehand og aller helst innan fredag 22. mars bed vi om at alle foreldre har registrert eleven sin inne på Fjell kommune si heimeside her:

<https://www.fjell.kommune.no/barnehage-og-skule/innskriving-1.-trinn/>

Dette invitasjonsbrevet ligg også på heimesida til Ågotnes skule: www.agotnesskule.no

Meld raskt attende til skulen viss eleven Dykkar ikkje skal gå på Ågotnes.

Hjarteleg velkomne til orienteringsmøtet onsdag 27.3 kl. 18.00!

Venleg helsing
for Ågotnes skule

Eigil Nødtvedt
rektor

VEDLEGG:

Noregs Mållag si brosjyre med orientering om val av målform - «Vel nynorsk for barnet ditt»